

# DELÅRSRAPPORT OG REKNESKAP

## Q2-2020



**Sogn**  
SPAREBANK



## Innhald

Hovudtal konsern.....	3
Styret si melding .....	4
Stadfesting frå styret og dagleg leiar .....	11
Delårsrekneskap Q2-2020 .....	12
Eigenkapitaloppstilling.....	14
Kontantstraumanalyse.....	15
Notar .....	16

# Hovudtal konsern

i 1.000 kr.

RESULTATSAMANDRAG	Delårsrekneskap <sup>1</sup>				Proformarekneskap <sup>2</sup>	
	30.06.2020	i % av gj.sn. forv.kap.	30.06.2019	i % av gj.sn. forv.kap.	30.06.2019	i % av gj.sn. forv.kap.
Netto renteinntekter	54.943	1,61 %	43.371	1,63 %	54.946	1,69 %
Netto andre driftsinntekter	16.410	0,48 %	12.563	0,47 %	14.261	
Netto avkastning finansielle investeringer	13.705	0,40 %	13.593	0,51 %	14.841	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>85.057</b>	<b>2,49 %</b>	<b>69.527</b>	<b>2,61 %</b>	<b>84.048</b>	
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>50.388</b>	<b>1,48 %</b>	<b>46.876</b>	<b>1,77 %</b>	<b>57.597</b>	
<b>Resultat før tap</b>	<b>34.669</b>	<b>1,02 %</b>	<b>22.651</b>	<b>0,84 %</b>	<b>26.451</b>	
Tap på utlån	14.687	0,43 %	1.309	0,05 %	1.265	
Skattekostnad	2.216	0,06 %	2.333	0,09 %	3.425	
<b>Ordinært resultat etter skatt</b>	<b>17.766</b>	<b>0,52 %</b>	<b>19.009</b>	<b>0,70 %</b>	<b>21.761</b>	
<b>Totalresultat</b>	<b>7.522</b>	<b>0,22 %</b>	<b>8.318</b>	<b>0,31 %</b>	<b>11.070</b>	
<b>NØKKELTAL</b>	<b>30.06.2020</b>		<b>30.06.2019</b>		<b>30.06.2019</b>	
<b>Balansetal</b>						
Brutto utlån	5.579.836		5.266.311		5.266.311	
Eika Boligkreditt AS	1.049.288		1.174.868		1.174.868	
<b>Totale utlån med Eika Boligkreditt AS</b>	<b>6.629.124</b>		<b>6.441.179</b>		<b>6.441.179</b>	
Innskot frå kundar	5.436.561		5.173.793		5.173.793	
Innskotsdekning morbank	97,94 %		98,69 %			
Forvaltningskapital	7.217.110		6.821.744		6.821.744	
<b>Lønsemd</b>						
Kostnadsprosent	60,71 %		68,69 %		68,53 %	
Eigenkapitalavkastning	3,97 %		6,11 %		5,01 %	
<b>Soliditet</b>						
Kapitaldekning, morbank	24,00 %		24,72 %			
Kjernekapitaldekning, morbank	24,00 %		23,21 %			
Rein kjernekapitaldekning, morbank	22,81 %		22,00 %			
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	21,91 %		21,18 %			
Eigenkapitalandel	12,64 %		12,94 %			
<b>Likviditet (morbank)</b>						
LCR	144		211			
NSFR	143		138			
<b>Eigenkapitalbevis (morbank)</b>						
Avsett utbyte på eigenkapitalbevis førre år, blir utbetalt i år:	0,00		2,00			
Bokført pr EK bevis	193,54		187,19			
Kurs på eigenkapitalbevis	105,00		99,00			
Pris/bokført verdi	0,54		0,53			
Resultat pr. eigenkapitalbevis	3,29		9,30			
Tal kontor	7		7			
Årsverk morbank	45,9		45,8			

<sup>1</sup>**Delårsrekneskap:** I 2019 er det tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019.

<sup>2</sup>**Proformarekneskap:** Er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019. Frå 01.04.2019 t.o.m. 31.12.2019 er det tal for Sogn Sparebank.

## Styret si melding

### Kvartalsrapport pr. 30.06.2020

Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank fusjonerte den 1. april 2019 og vart Sogn Sparebank.

Rekneskapen for 2. kvartal 2020 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering".

Rekneskapen for andre kvartal 2020 er ikkje revidert.

Framlagde rekneskapstal og notar er i 2019 tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. 30.06.2019 er tal for Indre Sogn Sparebank. Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019. Unntak er hovudtal konsern, proformarekneskap og note 11 Proforma informasjon – fusjon, som er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019 og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. For samanlikning, sjå punkt «Hovudtal konsern proformarekneskap» og note 11 som viser proformatal for Sogn Sparebank pr. 30.06.2020 og 30.06.2019.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

### Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap på 34,7 mill. kroner pr. 30.06.2020. Covid 19-situasjonen og verknaden av den har gjort første halvår 2020 til eit spesielt halvår for banken. Styret forventar at både resultat og utvikling vidare i 2020 vil bli påverka av dette.

Resultatet ber preg av fallande rentenetto, og tap på utlån som følgje av covid-19 situasjonen. Banken har difor teke ekstra ordinære tapsavsetningar på 7 mill. kroner pr. 30.06.2020. Banken har pr. 30.06.2020 vinst på finansielle instrument. Medan



investeringar i norske finansielle instrument i stor grad har hatt verdifall, har investering i verdipapir i utanlandsk valuta hatt verdiauke på grunn av at den norske krona er svekka.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalavkastning<sup>1</sup> pr. 30.06.2020 på 4,0 %.

Verdireduksjon i finansielle eigendeler over utvida resultat, skuldast kursregulering i samband med utbetaling av utbytte, hovudsakleg frå Eika Gruppen AS og Eika Biologikreditt AS.

Banken rapporterer eit totalresultatet pr. 30.06.2020 på 7,5 mill. kroner.

### **Rentenetto**

Netto renteinntekter er utrekna til 1,6 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

### **Driftsinntekter**

Pr. 30.06.2020 var andre ordinære driftsinntekter<sup>2</sup> 16,4 mill. kroner.

Utbytte og netto vinst/tap finansielle instrument aukar andre ordinære driftsinntekter med 2,1 mill. kroner pr. 30.06.2020.

### **Driftskostnader**

Pr. 30.06.2020 var driftskostnadene 50,4 mill. kroner.

Kostnadsprosenten pr. 30.06.2020 er 60,7 %.

### **Nedskrivningar på utlån og garantiar**

Morbanken har pr. 30.06.2020 kostnadsført nedskrivningar på utlån og garantiar med

---

<sup>1</sup> Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019».

<sup>2</sup> Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019».

14,7 mill. kroner. Tapsavsetningane er knytt til ekstra nedskrivning som følgje av krav til bokføring av forventta tap i samband med covid-19 situasjonen. Andre nedskrivningar kan relaterast til kredittengasjement innan bedriftsmarknaden.

### **Avkastning på eigenkapitalbevisa**

Morbanken rapporterer eit driftsresultat pr. 30.06.2020 etter berekna skatt, på 17,0 mill. kroner. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. I morbank pr. 30.06.2020 er det ei avkastninga på kroner 3,29 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.06.2020 var kroner 105,00 pr. eigenkapitalbevis, pr. 30.06.2019 var kursen kroner 99,00.

### **Balanse**

#### **Utlån**

Pr. 30.06.2020 har morbanken 5.579 mill. kroner i utlån som er ein auke på 314 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 6,0 %. Lån til personmarknaden utgjer 4.649 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 930 mill. kroner.

I tillegg yter banken 1.049 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, ein reduksjon 126 mill. kroner tilsvarande 10,7 % siste 12 månader.

#### **Innskot**

Pr. 30.06.2020 har morbanken 5.464 mill. kroner i innskot. som er ein auke på 268 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 5,1 %. Innskot frå personmarknaden utgjer 3.670 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 1.794 mill. kroner.

Innskotsdekninga i morbank pr. 30.06.2020 er 97,9 %.

## **Forvaltningskapital**

Pr. 30.06.2020 har morbanken ein forvaltningskapital på 7.212 mill. kroner som er ein auke på 395 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 5,8 %.

## **Kapitaldekning**

Pr. 30.06.2020 var morbank si kapitaldekning 24,0 % mot 24,7 % høve same periode i fjor. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 22,8 % pr. 30.06.2020 mot 22,0 % pr. 30.06.2019. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje rekna med i kapitaldekninga.

Pr. 30.06.2020 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 23,5 %. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 21,9 % pr. 30.06.2020.

## **Dotterselskap og tilknytt selskap**

### **Dotterselskap**

#### **Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS**

Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn. Selskapet har pr. 30.06.2020 tre tilsette.

Selskapet omsette for 2,5 mill. kroner pr. 30.06.2020, mot 1,6 mill. kroner pr. 30.06.2019. Overskot før skatt pr. 30.06.2020 er 0,5 mill. kroner mot 40.000 kroner i fjor. Eigenkapitalen er 1,3 mill. kroner pr. 30.06.2020 mot 0,6 mill. kroner pr. 30.06.2019.

#### **ISSB Egedom AS**

Sogn Sparebank eig 65 % av ISSB egedom AS som eig lokala Sogn Sparebank leiger i sentrum av Sogndal.

Selskapet omsette for 0,5 mill. kroner pr. 30.06.2020 og hadde eit overskot før skatt pr. 30.06.2020 på 0,4 mill. kroner, omlag det same som i fjor. Eigenkapitalen er 4,0 mill. kroner pr. 30.06.2020 mot 3,4 mill. kroner pr. 30.06.2019. Selskapet har ingen tilsette pr. 30.06.2020.

### **Tilknytt selskap**

Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 30.06.2020 ein tilsett.

Selskapet omsette for 0,8 mill. kroner pr. 30.06.2020 mot 1,1 mill. kroner pr. 30.06.2019. Overskot før skatt pr. 30.06.2020 er 0,2 mill. kroner, mot eit overskot på 0,1 mill. kroner pr. 30.06.2019. Eigenkapitalen er 0,9 mill. kroner pr. 30.06.2020 mot 0,7 mill. kroner pr. 30.06.2019.

### **Utsiktene framover**

Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q2-2020. Banken har ein sunn finansiell struktur og tilpassa balanse. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Framover vil banken ha eit sterkt kostnadsfokus samstundes som ein arbeider med å auke inntektene. God risikostyring vil vera eit prioritert område. Sogn Sparebank legg vekt på at banken skal vere ein relevant aktør i lokalsamfunnet og ein god partner for privatkundar og verksemdar.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

### **Utbreiing av koronaviruset i 2020**

Utbreiinga av koronaviruset i 2020 har gitt betydelege konsekvensar for både norsk økonomi og verdsøkonomien. I tillegg vart den norske økonomien ramma av eit kraftig fall i oljeprisen. Frå 12. mars 2020 har regjeringa innført tiltak for å redusere spreiding og motverke koronaviruset.



Banken har sett i verk tiltak for å avgrense spreiding av koronaviruset, og valde å halde banken stengt ein periode for besøkande. Banken sine kundar vart oppfølge per telefon, e-post og andre elektroniske kommunikasjonskanalar. Banken har klart å oppretthalde god service og oppfølging av kundane i den pågåande covid-19 situasjonen. Alle banken sine forretningsfunksjonar har fungert som dei skal i denne perioden. Etterkvart som regjeringa har opna samfunnet meir opp, har banken òg opna opp, og i dag er kundehandsaminga tilbake til den ordinære.

Sogn Sparebank har både person- og bedriftskundar som er råka økonomisk av situasjonen. Nokre personkundar er ramma som følgje av permitteringar eller oppseiingar. Nokre bedriftskundar er ramma som følgje av at dei sjølve eller samarbeidspartar måtte redusere aktiviteten sin heilt eller delvis, Banken har gått i gjennom heile næringslivsporteføljen, og teke kontakt med kundane for å kartlegge situasjonen. Tilbakemeldingane er at dei fleste klarar seg bra, men det er store bransjevise skilnader. Offentlege statistikkar viser at dei mest utsette bransjane er knytt til hotell, overnatting, turisme, restaurant, detaljhandel (ikkje mat), og nokre tenesteytande næringar.

I hovudsak har banken sine tiltak både til person- og bedriftskundar vore avdragsfritak på lån i ein periode. Med bakgrunn i gjennomgang av banken sine kundar, blir enkeltkundar følgde opp særskilt. Relativt få kundar har søkt om finansiering under den statlege lånegarantiordninga. Som følgje av usikkerheit og eit eventuelt marknadsfall, kan tapseksponeinga til banken auke. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Koronakrisa og dei økonomiske effektane av iverksette tiltak, har påverka både resultat og utvikling første halvår. Banken vurderer at det er høg grad av usikkerheit knytt til framtidig utvikling, særleg knytt til vekst og tap. Konsekvensane for banken er vanskeleg å estimere. Banken har som mål å finne gode løysingar for banken sine kundar i den vanskelege situasjonen fleire av desse allereie er i, eller kan kome i.

Årdalstangen den 13. august 2020.

*Kristine Grønner Ohustad (s.)*

Styreleiar

*Arve Tokvam (s.)*

*Olav Vikoren (s.)*

*Siv Enerstvedt (s.)*

*Egon Mogens Moen (s.)*

*Anne Espeland (s.)*

*Håkon Seim Lysne (s.)*

*Marianne Sundal (s.)*

Tilsetterepresentant

*Leidulu Finden (s.)*

Tilsetterepresentant

*Mads Arnfinn Indrehus (s.)*

Adm. banksjef

## Stadfesting frå styret og dagleg leiar

Vi stadfester etter beste overtyding at rekneskapet for perioden 1. januar til 30. juni 2020 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), og at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret og adm. banksjef meiner òg at halvårsrapporten gir ei rett oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden og kva slags verknad desse har på halvårsrekneskapen, og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Årdalstangen den 13. august 2020.

*Kristine Grønner Ohnstad (s.)*

Styreleiar

*Arve Tokvam (s.)*

*Olav Vikøren (s.)*

*Siv Enerstvedt (s.)*

*Egon Mogens Moen (s.)*

*Anne Espeland (s.)*

*Håkon Scim Lysne (s.)*

*Marianne Sundal (s.)*

Tilsettere representant

*Leidulu Finden (s.)*

Tilsettere representant

*Mads Arnfinn Indrehus (s.)*

Adm. banksjef

# Delårsrekneskap Q2-2020

## Delårsrekneskap Q2-2020 konsern

Konsern						I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT	2. kv.20	2. kv.19	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019	30.06.2020
Renteinntekter - amortisert kost	38.435	42.514	86.830	67.159	160.370	2,54 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	422	498	1.002	867	2.000	0,03 %
Rentekostnader	14.486	15.758	32.889	24.654	57.437	0,96 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>24.372</b>	<b>27.253</b>	<b>54.943</b>	<b>43.371</b>	<b>104.932</b>	<b>1,61 %</b>
Utbyte	11.649	11.973	11.649	12.312	14.853	0,34 %
Provisjonsinntekter m.v.	6.876	7.800	14.483	12.610	28.910	0,42 %
Provisjonskostnader m.v.	808	998	1.800	1.876	4.402	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	5.771	938	2.055	1.281	7.403	0,06 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	126	0	139	49	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	2.127	1.481	3.588	1.780	6.076	0,11 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>25.741</b>	<b>21.194</b>	<b>30.114</b>	<b>26.156</b>	<b>52.840</b>	<b>0,88 %</b>
Løn og personalkostnader	10.789	10.793	23.214	19.017	45.106	0,68 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.792	1.460	3.585	2.286	6.979	0,10 %
Andre driftskostnader	11.030	18.370	23.589	25.573	49.966	0,69 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>23.610</b>	<b>30.623</b>	<b>50.388</b>	<b>46.876</b>	<b>102.050</b>	<b>1,48 %</b>
Tap på utlån	3.494	630	14.687	1.309	24.296	0,43 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>23.009</b>	<b>17.194</b>	<b>19.982</b>	<b>21.342</b>	<b>31.426</b>	<b>0,58 %</b>
Skattekostnad	2.596	1.405	2.216	2.333	2.708	0,06 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>20.412</b>	<b>15.789</b>	<b>17.766</b>	<b>19.009</b>	<b>28.718</b>	<b>0,52 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>						
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	-12.148	-10.596	-10.244	-10.691	2.684	-0,30 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>						
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-12.148</b>	<b>-10.596</b>	<b>-10.244</b>	<b>-10.691</b>	<b>2.684</b>	<b>-0,30 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>8.265</b>	<b>5.193</b>	<b>7.522</b>	<b>8.318</b>	<b>31.402</b>	<b>0,22 %</b>
<b>Resultat etter skatt:</b>						
Majoritetens andel av resultatet i perioden etter skatt			17.697	18.964	28.543	
Minoritetens andel av resultatet i perioden etter skatt			69	45	175	
<b>Totalresultatet:</b>						
Majoritetens andel av totalresultatet i perioden			7.453	8.273	31.227	
Minoritetens andel totalresultatet i perioden			69	45	175	
<b>BALANSE</b>						
<b>Eigendelar</b>			<b>30.06.2020</b>	<b>30.06.2019</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>30.06.2020</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar			84.287	117.191	197.222	1,17 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			741.877	667.701	306.870	10,28 %
Utlån til og fordringar på kundar			5.541.254	5.252.389	5.415.718	76,78 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			477.140	402.119	335.983	6,61 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat			280.774	279.973	299.761	3,89 %
Investering i dotterselskap			0	0	0	0,00 %
Investering i tilknytt selskap			330	240	191	0,00 %
Goodwill			0	113	0	0,00 %
Utsett skattefordel			496	2.415	0	0,01 %
Varige driftsmidler			78.659	83.533	82.064	1,09 %
Overtekne og andre eigendelar			12.294	16.071	43.423	0,17 %
<b>Sum eigendelar</b>			<b>7.217.110</b>	<b>6.821.746</b>	<b>6.681.232</b>	<b>100 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar			300.975	211.393	200.717	4,17 %
Innskot frå kundar			5.436.561	5.173.793	5.104.862	75,33 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			500.550	400.699	401.019	6,94 %
Anna gjeld			66.898	102.928	68.741	0,93 %
Pensjonsforpliktingar			0	0	0	0,00 %
Ansvarleg lånekapital			0	50.377	0	0,00 %
<b>Sum gjeld</b>			<b>6.304.984</b>	<b>5.939.190</b>	<b>5.775.339</b>	<b>87,36 %</b>
Opptent eigenkapital			786.721	756.720	769.581	10,90 %
Innskoten eigenkapital			103.764	103.125	103.764	1,44 %
Minoritet			3.875	3.700	3.830	0,05 %
Udisponert overskot etter skatt			17.766	19.009	28.718	0,25 %
<b>Sum eigenkapital</b>			<b>912.126</b>	<b>882.554</b>	<b>905.893</b>	<b>12,64 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>7.217.110</b>	<b>6.821.744</b>	<b>6.681.232</b>	<b>100 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>						
Garantiar			79.212	96.593	91.886	
Garanti Eika Boligkreditt AS			10.657	16.065	11.854	

## Delårsrekneskap Q2-2020 morbank

Morbank						I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT	2. kv.20	2. kv.19	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019	30.06.2020
Renteinntekter - amortisert kost	38.437	42.515	86.837	67.132	160.343	2,54 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	422	498	1.002	867	2.000	0,03 %
Rentekostnader	14.486	15.752	32.889	24.634	57.415	0,96 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>24.374</b>	<b>27.260</b>	<b>54.950</b>	<b>43.364</b>	<b>104.927</b>	<b>1,61 %</b>
Utbyte	11.649	11.973	11.649	12.312	14.853	0,34 %
Provisjonsinntekter m.v.	6.876	7.800	14.483	12.610	28.910	0,42 %
Provisjonskostnader m.v.	808	998	1.800	1.876	4.402	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	5.771	938	2.055	1.281	7.403	0,06 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	0	0	0	0	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	600	508	1.196	685	1.992	0,04 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>24.088</b>	<b>20.221</b>	<b>27.583</b>	<b>25.012</b>	<b>48.756</b>	<b>0,81 %</b>
Løn og personalkostnader	10.436	10.385	22.349	18.056	43.181	0,65 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.741	1.451	3.602	2.347	7.022	0,11 %
Andre driftskostnader	10.659	17.921	22.913	25.545	48.497	0,67 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>22.836</b>	<b>29.757</b>	<b>48.864</b>	<b>45.948</b>	<b>98.700</b>	<b>1,43 %</b>
Tap på utlån	3.494	630	14.687	1.309	24.296	0,43 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>22.132</b>	<b>17.094</b>	<b>18.982</b>	<b>21.119</b>	<b>30.687</b>	<b>0,56 %</b>
Skattekostnad	2.432	1.382	2.026	2.292	2.544	0,06 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>19.700</b>	<b>15.712</b>	<b>16.956</b>	<b>18.827</b>	<b>28.143</b>	<b>0,50 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>						
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	-12.148	-10.596	-10.244	-10.691	2.684	-0,30 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>						
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-12.148</b>	<b>-10.596</b>	<b>-10.244</b>	<b>-10.691</b>	<b>2.684</b>	<b>-0,30 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>7.553</b>	<b>5.116</b>	<b>6.712</b>	<b>8.136</b>	<b>30.828</b>	<b>0,20 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>4,26</b>	<b>7,91</b>	<b>3,29</b>	<b>9,30</b>	<b>5,78</b>	
<b>BALANSE</b>						
<b>Eigendelar</b>			<b>30.06.2020</b>	<b>30.06.2019</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>30.06.2020</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar			84.287	117.191	197.222	1,17 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			742.432	668.658	307.463	10,29 %
Utlån til og fordringar på kundar			5.541.254	5.252.389	5.415.718	76,83 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			477.140	402.119	335.983	6,62 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat			280.774	279.973	299.761	3,89 %
Investering i dotterselskap			8.829	8.429	8.829	0,12 %
Investering i tilknytt selskap			135	135	135	0,00 %
Utsett skattefordel			0	2.911	0	0,00 %
Varige driftsmidler			67.224	71.708	70.233	0,93 %
Overtekne og andre eigendelar			10.394	14.400	41.877	0,14 %
<b>Sum eigendelar</b>			<b>7.212.468</b>	<b>6.817.913</b>	<b>6.677.220</b>	<b>100 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar			300.420	210.436	200.124	4,17 %
Innskot frå kundar			5.464.715	5.197.151	5.121.488	75,77 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			500.550	400.699	401.019	6,94 %
Anna gjeld			39.208	80.159	52.437	0,54 %
Pensjonsforpliktingar			0	0	0	0,00 %
Ansvarleg lånekapital			0	50.377	0	0,00 %
<b>Sum gjeld</b>			<b>6.304.893</b>	<b>5.938.822</b>	<b>5.775.068</b>	<b>87,42 %</b>
Opptent eigenkapital			786.855	757.139	770.245	10,91 %
Innskoten eigenkapital			103.764	103.125	103.764	1,44 %
Udisponert overskot etter skatt			16.956	18.827	28.143	0,24 %
<b>Sum eigenkapital</b>			<b>907.575</b>	<b>879.091</b>	<b>902.153</b>	<b>12,58 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>7.212.468</b>	<b>6.817.913</b>	<b>6.677.220</b>	<b>100 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>						
Garantiar			79.212	96.593	91.886	
Garanti Eika Boligkreditt AS			10.657	16.065	11.854	

## Eigenkapitaloppstilling

### Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 30.06.2020

	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital				i 1.000 kr	
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	Sum egenkapital
<b>Eigenkapital 01.01.2019</b>	31.625	32.812	40.000	198.452	42.523	23.917	31.139	3.655	404.118
Resultat etter skatt				22.098	4.027	2.417		175	28.718
Verdiendring tilgjengelig for sal portefølje							2.684		2.684
<b>Totalresultat 31.12.2019</b>	0	0	0	22.098	4.027	2.417	2.684	175	31.402
Transaksjoner ved fusjon	-673			468.119		7.040			474.486
Utbetalt utbyte for 2018					-1.265				-1.265
Utbetalt frå gåvefond						-500			-500
Nedskrivning av goodwill				-97	-16				-113
Fondsobligasjon				-1.919	-315				-2.234
<b>Eigenkapital 31.12.2019</b>	30.953	32.812	40.000	686.653	44.954	32.874	33.823	3.830	905.894
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	30.953	32.812	40.000	686.653	44.954	32.874	33.823	3.830	905.894
Resultat etter skatt				15.359	2.338			69	17.766
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							-10.244		-10.244
<b>Totalresultat 30.06.2020</b>	0	0	0	15.359	2.338	0	-10.244	69	7.522
Utbetalt utbyte for 2019					0				0
Utbetalt frå gåvefond						-90			-90
Renter på fondsobligasjon				-1.041	-159				-1.200
<b>Eigenkapital 30.06.2020</b>	30.953	32.812	40.000	700.971	47.134	32.784	23.580	3.899	912.126

### Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 30.06.2020

	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital				i 1.000 kr	
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	Sum egenkapital
<b>Eigenkapital 01.01.2019</b>	31.625	32.812	40.000	197.671	41.961	23.417	33.350	0	400.837
Resultat etter skatt				21.755	3.971	2.417			28.144
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							2.684		2.684
<b>Totalresultat 31.12.2019</b>	0	0	0	21.755	3.971	2.417	2.684	0	30.828
Transaksjoner ved fusjon	-673			468.119		7.040			474.486
Utbetalt utbyte for 2018					-1.265				-1.265
Utbetalt frå gåvefond						-500			-500
Renter på fondsobligasjon			0	-1.919	-315				-2.234
<b>Eigenkapital 31.12.2019</b>	30.953	32.812	40.000	685.626	44.352	32.374	36.035	0	902.152
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	30.953	32.812	40.000	685.626	44.352	32.374	36.035	0	902.152
Resultat etter skatt				14.716	2.240				16.956
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							-10.244		-10.244
<b>Totalresultat 30.6.2020</b>	0	0	0	14.716	2.240	0	-10.244	0	6.712
Utbetalt utbyte for 2019									0
Utbetalt frå gåvefond						-90			-90
Renter på fondsobligasjon			0	-1.041	-159				-1.200
<b>Eigenkapital 30.06.2020</b>	30.953	32.812	40.000	699.301	46.434	32.284	25.791	0	907.575



# Kontantstramanalyse

i 1.000 kr

Morbank				Konsern		
31.12.2019	30.06.2019	30.06.2020		30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
			<b>Kontantstramar frå operasjonelle aktivitetar</b>			
-198.979	-10.227	-142.623	Netto utbetaling av utlån til kundar	-142.623	-10.227	-198.979
171.090	65.335	85.077	Renteinnbetalingar på utlån til kundar	85.077	65.335	171.090
-1.382	-1.300	0	Overtekne eigendelar	0	-1.300	-1.382
200.650	276.971	343.884	Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	343.884	276.014	200.650
-46.822	-17.093	-25.421	Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-25.421	-17.107	-46.822
-9.933	-767	-850	Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	-1.460	-767	-9.933
813	-710	-782	Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	-782	-706	813
4.580	-248	8.202	Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	8.202	-248	4.580
2.100	967	1.002	Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	1.002	967	2.100
26.629	10.734	12.681	Netto provisjonsinnbetalingar	12.681	10.734	26.629
-121.309	-47.874	-153.869	Utbetaling ved kjøp av kortsiktige investeringar i aksjar	-153.869	-47.874	-122.942
144.852	0	0	Innbetaling frå sal av kortsiktige investeringar i aksjar	0	0	144.852
-116.430	-32.496	-18.059	Utbetalingar til drift	-17.230	-32.821	-116.078
-2.764	-2.292	-322	Betalt skatt	-503	-2.245	-2.764
-500	-420	-90	Utbetalte gaver av overskot	-90	-420	-500
<b>52.595</b>	<b>240.580</b>	<b>108.830</b>	<b>A Netto kontantstram frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>108.868</b>	<b>239.335</b>	<b>51.314</b>
			<b>Kontantstramar frå investeringar</b>			
-988	-511	-593	Investering i varige driftsmidlar	-593	-511	-988
0	0	0	Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	0	0	0
-10.136	-2.217	0	Langsiktige investeringar i aksjar	0	-2.217	-10.136
6.890	6.861	8.743	Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	8.743	6.861	6.890
209.492	209.492	0	Innbetaling av kontantar og fordringar på bankar ved fusjon	0	209.492	209.492
14.853	12.312	11.649	Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	11.649	12.312	14.853
-400	0	0	Netto utbetaling ved investering i dotterselskap	0	0	0
<b>219.711</b>	<b>225.937</b>	<b>19.799</b>	<b>B Netto kontantstram frå investeringsaktivitet</b>	<b>19.799</b>	<b>225.937</b>	<b>220.111</b>
			<b>Kontantstramar frå finansiering</b>			
200.000	0	199.785	Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	199.785	0	200.000
-200.000	0	-100.254	Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir	-100.254	0	-200.000
-9.500	-5.135	-4.926	Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-4.926	-5.135	-9.500
0	0	190.000	Opptak av lån til kredittinstitusjonar	190.000	0	0
-30.000	0	-90.000	Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-90.000	0	-30.000
-2.234	-819	-1.200	Utbyte fondsobligasjon	-1.200	-819	-2.234
-50.000	0	0	Tilbakebetaling av ansvarleg lånekapital	0	0	-50.000
-1.173	0	0	Renteutbetalingar på ansvarleg lånekapital	0	0	-1.173
-1.265	-1.265	0	Utbyte til eigenkapitalbevisegarane	0	-1.265	-1.265
<b>-94.172</b>	<b>-7.219</b>	<b>193.405</b>	<b>C Netto kontantstram frå finansieringsaktivitet</b>	<b>193.405</b>	<b>-7.219</b>	<b>-94.172</b>
<b>178.134</b>	<b>459.298</b>	<b>322.034</b>	<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>322.072</b>	<b>458.053</b>	<b>177.253</b>
326.551	326.551	504.685	Likviditetsbeholdning ved starten av perioden	504.092	326.839	326.839
504.685	785.849	826.719	Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden	826.164	784.892	504.092
			<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>			
197.222	117.191	84.287	Kontantar og fordringar på Noregs Bank	84.287	117.191	197.222
307.463	668.658	742.432	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	741.877	667.701	306.870
<b>504.685</b>	<b>785.848</b>	<b>826.719</b>	<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>826.164</b>	<b>784.892</b>	<b>504.092</b>

Kontantstramanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

## Notar

### 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01.2020 til 30.06.2020. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS i konsernrekneskapet.

Rekneskapen for andre kvartal 2020 vart vedteke av styret 13. august 2020.

### 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til konsernet Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank for 2019, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

#### **Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp**

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

## Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivningar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar i samband med nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

## Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og taps-erfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i rapporten årsmelding og rekneskap for 2019 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslette gitt som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearcemarkering eller overgang til steg 2.

Både betydeleg uvisse knytt til estimata, og det at situasjonen med covid-19 epidemien oppstod nær kvartalsavslutninga, fører til at det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjøn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken finn seg i, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane per bransje. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 1,0 mill. kroner samanlikna med utgangen av førre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført i samband med covid-19 situasjonen til dømes for permitterte, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivningar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,6, mill. kroner samanlikna med utgangen av førre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

### **Verkeleg verdi over finansielle instrument**

Det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3, sjå note 8.

## Noteinformasjon om nye risikoklassifiseringsmodellar (PD-modellar)

Banken har i første kvartal 2020 implementert nye risikoklassifiseringsmodellar (PD-modellar).

Dei nye PD-modellane rettar opp i enkelte identifiserte svakheiter i tidlegare modellar. Døme på dette er:

- Enkelte variablar med svært høg forklaringskraft
- Relativt få variablar
- Variablar som kan føra til stor volatilitet i sannsynlegheit for misleghald ved endringar

Dette er adressert gjennom:

- Betre datakvalitet
- Fleire variablar
- Meir konsentrasjon i poenga tilgjengeleg for kvar variabel

Endringane gjer modellane meir stabile, og dei evnar i større grad enn tidlegare modellar å identifisere reell risiko på kundane.

Tidlegare modellar nyttar ein vesentleg sikkerheitsmargin på forventa sannsynlegheit av misleghald. Dette medfører ein overestimering av risiko som er høgare enn ein ynskjer. Dette vert korrigert i dei nye modellane.

Dei nye modellane er betre til å identifisere både gode og dårlege kundar. Dette fører til ei forskyving av kundar til lågare PD-nivå. Samstundes er modellen òg betre til å identifisere svake kundar, noko som medfører at kundar med høg risiko jamt over får høgare sannsynlegheit for misleghald samanlikna med kva dei fekk i dei tidlegare modellane.

Effekten på banken sine nedskrivningar for forventa tap er at ein større del kundar hamnar i steg 1. Isolert sett fører dette til lågare nedskrivningar. I nokon grad vert dette likevel kompensert ved høgare sannsynlegheit for misleghald for kundar som

er i steg 2, og dermed høgare nedskrivning. Samla effekt er ein moderat reduksjon i nedskrivingsbeløp som følgje av nye PD-modellar.

## 3 Konsern og tilknytt selskap

### 3.1. Konsern - Goodwill

Goodwill vert vurdert for nedskrivning ved kvart rapporteringstidspunkt.

Goodwill er nedskrive til null frå kroner 113.000 i 2019. Goodwill refererte seg til overtakinga av Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS (Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS), den 01.05.2013.

## 4 Transaksjonar med nærstående partar

### 4.1. Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsmeklingsføretak.

#### Husleige frå Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS har inngått leigeavtale med Sogn Sparebank. Pr. 30.06.2020 har banken inntektsført 75.000 kroner i husleige.

#### Bankinnskot

I konsernrekneskapet er bankinnskot eliminert med 28,2 mill. kroner.

### 4.2. ISSB Eigedom AS

ISSB Eigedom AS er eit 65 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak.

#### Husleige frå Sogn Sparebank

Banken har inngått leigekontrakt med ISSB Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal. Pr. 30.06.2020 har banken kostnadsført 0,5 mill. kroner i husleige.

Sjå òg note 3.



## 5 Innskot frå kundar

i 1.000 kr.

Morbank				Konsern		
31.12.2019	30.06.2019	30.06.2020		30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
3.402.695	3.459.222	3.670.425	Lønstakarar	3.670.425	3.459.222	3.402.695
116.619	113.372	116.148	Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	116.148	113.372	116.619
90.371	129.201	77.273	Industri	77.273	129.201	90.371
139.547	119.908	119.959	Bygg og anlegg	119.959	119.908	139.547
379.276	266.033	307.958	Handel, hotell, transport, tenester	307.958	266.033	379.276
422.684	580.408	637.687	Finansiering, eigedomsdrift	609.533	557.050	406.058
570.296	529.008	535.266	Offentleg forvaltning og andre	535.266	529.008	570.296
<b>5.121.488</b>	<b>5.197.151</b>	<b>5.464.715</b>	<b>Sum innskot</b>	<b>5.436.561</b>	<b>5.173.793</b>	<b>5.104.862</b>

## 6 Utlån til kundar, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar

### 6.1 Utlån til kundar

i 1.000 kr.

Morbank				Konsern		
